

24.01.2011

## Skulemusikken treng fleire både med og utan instrument



Skulemusikken spelar i Aktivitetshuset i fjar haust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Sidan 1969 har Uskedalen hatt eit aktivt skulekorps som  
har gledd bygdefolket  
i mange samanhengar, men kanskje spesielt på 17.mai.  
Slik håpar eg det og skal bli i også framtida, men det  
er på ingen måte sjølvsagt.  
Svært mange bygder på Uskedal sin storleik  
har siste tiåret mista sitt korps,  
og er såleis utan skulekorps.**

Skulekorpsset har no færre medlemmer, dei spelar bra, men det som gjer situasjonen ekstra alvorleg er aldersamsetjinga av medlemmer. Korpset er svært heldige, og har ei særslig god gruppe i alderen 13-18 år.

Desse er svært dugande, og fleire av dei er aktive også i andre utviklende musikksamanhengar som m.a. HUBB, Rosendal Musikklag og Brazzooka. Desse ungdommene er gull verd for skulekorpsset. Gjennom hobbyen har dei og danna seg venne- og kontaktnett langt utover Kvinnherad sine grenser.

Derimot har vi altfor få barneskuleelevar som er med i skulekorpsset no. Dei som er med, er øvingsvillige, positive og flinke, men det burde ha vore langt fleire i denne aldersgruppa. Det er heilt nødvendig, når dei eldste sluttar om få år.

Situasjonen dei siste åra har vore at det kvar haust har starta opp bra store aspirantkull. Dessverre har altfor mange av desse slutta før dei har kome inn i korpset, eller etter altfor kort tid i korpset. Altså før dei har lært så mykje at dei har kunna fått glede av denne fantastiske hobbyen. Det seiest at musikk er ein hobby som krev litt meir, men som gjev så mykje meir att gjennom heile livet.

Skal vi ha eit skulekorps i Uskedalen i framtid, meiner eg at det hastar med å gjera nødvendige grep. Men det bør gå bra, forstyret er alt i gang, og det er mykje godt å byggja på.

- Den solide medlemsgruppa vi har no, må bli grunnpilarane i korpset dei nærmaste åra. Det er og håp om at nokre som er slutta, kan verta med i laget igjen.
- Korpset har ein særslig dugande og godt likt dirigent i Tor Skeie Olsen. I følge dei eldste er han og heilt fantastisk i opplæringa av dei yngste. Det som trengst mest! Det er viktig at korpset får behalda han framover.
- Korpset har dei seinare åra blitt leia av aktive og positive damer som har gjort ein stor jobb. Også dei er for få. Dei treng meir hjelp. Derfor er det fornuftig at dei tidlegare har henvendt seg til bygdefolk utanom foreldregruppa for å be interessete om å ta kontakt for å ta eit tak for skulemusikken. Dei inviterer og desse til årsmøtet førstkommande torsdag. Det trengst nemleg fleire enn foreldregruppa til å driva skulekorpsset no.

- Gjennom mange år har skulekorpsset bygd opp ein solid økonomi. Både bankbeholdning og instrumentpark er bra. Det gjev muligheter!
- Korpsset har og har alltid hatt ei solid støtta blant bygdefolket.

Eg håpar det no kan starta ein opptur for skulemusikken. Dette er viktig at det startar no før medlemstalet går meir ned. Dette kan vi klara! Korpsset har klart det før og. På slutten av 1980-talet var medlemstalet heilt nede i 8 før oppsvinget starta. Andre korps klarar det og. Eg les nett om Fitjar skulekorps som for få år sidan hadde berre 12 medlemmer. No er det nesten 50 og held svært godt nivå.

Vi kan klarar det vi og!! Håpar mange vil bidra!

Håpar alle som har innspel som kan vera til hjelp, kjem med dei til styret, enten på årsmøtet torsdag eller på andre måtar.

Thor Inge Døssland.